

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hosanger

Emne: Brynet

Bygdelag: Indre Hosanger

Oppskr. av: Edv. Halvorsen

Gard: Romarheim

(adresse): Romarheim

G.nr. 42 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mest etter bonde Johs. N. Romarheim, 79 år gamal.

## SVAR

Når det gjeld ymse måtar å få ljåen kvass på, så må ein seia at det har vorte eit stort omskifte sidan førre hundreåret. Det einaste ein kan seia er likt, er namnet bryne, og å bryna ljåen. Men elles er bryni og bruken av dei mykje annleis enn før.

No brukar ein ymse slag bryne, like mykje av kunststein som av naturstein. Smergelbrynet er mykje bruka, serleg når ljåen er noko skjemd, og ein tykkjer det vert for mykje umak med å slipa. Så fer ein ofte over ljåen med eit finare bryne av naturstein etterpå. Elles er slipesteinen den store hjelpesmannen når det gjeld å få ljåen kvass. Steinen vert mange stader no driven med elektrisk motor, men storparten her ikring lyt greia seg med handkrafti no som før.

Men for hundre år sidan fanst det ikkje ein slipestein på Romarheim, og truleg ikkje i heile Osterfjorden. Det var tynnsleljårne si tid. Kvar mann hadde eit heilt knippe av slike ljår, og når alle var utskjemde, og hadde vore brynte så mange gonger at ikkje var "botevon" med dei lenger, så tok husbonden heile knippet med seg i smia, vermde ljårne og banka egg i tunn med ein sers hamar. Hamaren såg slik ut:





## Profil av hamaren utan skoft.

Når folk arbeidde i utslåttene, og vegen he  
heim var noko lang, var husbonden som jammast heime og  
tynnte ljårne to gonger for veka. Etter ein hadde vore  
i smia med ljårne og tynnt dei, vart dei godt brynte  
før ein tok til å slå att.

Men i 1860-70 kom slipesteinane i bruk  
og det vart slutt med å gå i smia med ljårne.

No vert godtsom alle bitjarn slipte  
før dei vert brynte; berre bryning er reine unnatak.  
Ein veit ikkje her ikring om nokon liggjande stein  
som bitjarni vart ført over.

Det er vanskeleg å seia kor lenge ein  
kan slå med ein ljå før ein må slipa, det er så mange  
ting som spelar inn. Til vanleg er det nok med to ti-  
mar, dersom ein ikkje bruker smergelbryne, men ved hjelp  
av det, kan ein halda bitet noko lenger.

Det har vore vanleg å taka slipestei-  
nen med seg utover teigane etter kvart ein slo, men  
dei som har motor til slipesteinen, har slutta med det.

Trebryne har ikkje vore brukt på des-  
se kantar, berre steinbryne. Med ordet hein meiner ein  
her eit sers fint, hardt bryne, som berre vart brukt  
til barberknivar. Det brukast lite no.

Straks ljåen er slipt, bryner ein han,  
helst med eit fint naturbryne, for å få roe bort.  
Sidan bryner ein så ofte ein tykkjer det trengst, og  
vert ljåen mykje skjemd, bruker ein - som før nemnt -  
smergelbryne, med eit finare bryne attpå.



Ein bryner langorvane og stutturvane på same måten. Stutturvane held ein fast mellom låri, med di ein set føtene i kross. Langorvane støyter ein ned i jordi med enden av orvet, og held så ljåen fast med vinstre hand, medan ein bryner med høgre. (Odden på ljåen vender ut frå kroppen under bryningi) Så let ein brynet gå skiftevis på kvar side av ljåen, sume dreg langsetter eggi, medan andre stryk tversover, eit drag på kvar side til ljåen er kvass.

Langorvane som ein bruker her i kring, er små og lette, ca.  $\frac{1}{2}$  m langt orv, og det er vanleg at ljåen sit fast under slipingi. Ein held støtt eggi mot seg når ein slipar.

Bryneslunka (futteral til brynet) vart brukt mannjamt før; den var laga av tunt ler eller tre. Ho hang på sida av mannen. No brukast slikt mindre; i staden tek ein gjerne bryni med seg i eit spann. I spannet er då litt vatn, for ein bruker aldri å bryna turt. Noko anna enn vatn på bryni vert ikkje nytta.

Når ein hadde brukt brynet nokre gonger, fekk ein brynekvota på nevane. Det vart av sume brukt som medisin for brandsår.

Gamle folk her ikring veit ikkje å fortelja om at bryni var~~t~~ lagde i jord eller maurtuver eller anna for å verta betre.

Det går heller ikkje fråsegner om at bryni talar, eller at folk sa noko når dei sputta på brynet.



Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.